



Arkivnr: 2014/1022-9

Saksbehandlar: Per Morten Ekerhovd, Solveig Lohne Rongved

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		21.10.2014
Fylkesutvalet		

## Bevaringsprogram for utvalde arkeologiske kulturminne (BARK). Retningslinjer.

### Samandrag

Bevaringsprogram for utvalde arkeologiske kulturminne (BARK) er ei nasjonal satsing på skjøtsel og tilrettelegging i regi av Riksantikvaren. Gjennom denne ordninga kan fylkeskommunane, sametinget og sjøfartsmusea søkja om midlar til tilrettelegging av prioriterte kulturminne. Det er tidlegare utarbeidd prioriteringskriteria og liste over prioriterte arkeologiske kulturminne i Hordaland, vedteken av fylkesutvalet 21.11.2012 i sak 280/12, *Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminner*. Fylkesutvalet gjorde samrøystes vedtak om å arbeida for å nå måla i bevaringsprogrammet i samarbeid med kommunane og musea.

Erfaring viser at sterk lokal forankring er eit vilkår for gjennomføringa av gode prosjekt. Skjøtsel og tilrettelegging av arkeologiske kulturminne kan likevel ikkje gjerast utan at kulturminnestyresmaktene er kjende med arbeidet, jf. kulturminneloven. Noverande praksis er difor at søknader til BARK i dei aller fleste tilfella vert initiert av fylkeskommunen, eller kjem via større prosjekt der musea har vore involvert. Ein kan sjå at dette til ein viss grad har svekka det lokale engasjementet. Samanlikna med det høge talet på automatisk freda kulturminne i Hordaland har ein relativt få skjøtels- og tilretteleggingsprosjekt. På dette grunnlaget rår difor fylkesrådmannen til å endra innretninga av ordninga for å styrkje den lokale eigarskapen til slike prosjekt.

Å stimulere lokalt arbeid med skjøtsel og tilrettelegging vert eit viktig satsingsfelt for fylkeskommunen i åra som kjem. Betre tilrettelegging av BARK-ordninga vil vera med på å tydeleggjera dette for kommunane og for lokale aktørar med interesse for kulturminne.

For å sikra ei god og føreseieleg oppfølging og gjennomføring av prosjekta bør fylkeskommunen prioritera feltet ressursmessig. Eitt av kriteria for tilskotsordninga er 50% eigenfinansiering, og fylkeskommunal prioritering av ressursar til dette feltet vil letta planlegging og gjennomføring av gode prosjekt.

## Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vil arbeide for å styrkje den lokale forankringa av arbeide med skjøtsel og tilrettelegging av arkeologiske kulturminne i Hordaland.
2. Fylkesutvalet vedtek følgjande retningslinjer for Bevaringsprogram for utvalde arkeologiske kulturminne (BARK) i Hordaland:

### Føremålet med ordninga:

Målet med ordninga er at eit representativt utval av arkeologiske kulturminne og kulturmiljø skal sikrast gjennom langsiktig skjøtsel og gjerast tilgjengelig for publikum innan 2020. Ordninga gjev midlar til skjøtsel, restaurering og formidling og tiltak som gir auka tilgjenge eller som medverkar til å avgrensa slitasten på kulturminna. Tiltak der mellom anna lokalt engasjement og særlege opplevings- og formidlingsverdiar er knytte til kulturminna skal prioriterast.

#### 1. Kven kan søkje?

- Kommunar som har vedtatt eller har starta opp arbeid med ein kulturminneplan kan søkje.
- Museum eller andre lag eller organisasjonar i kommunar jf. punkt 1 kan søkje i samråd med kommunen.

#### 2. Kva kan ein søkje om?

- Det aktuelle tiltaket må vera på lista over utvalgte arkeologiske kulturminne i Hordaland. (Ved ynskje om tiltak på kulturminne som ikkje er på lista må dette avklarast separat med Hordaland fylkeskommune i god tid før ordinær søknadsfrist).
- Grunnvilkåra for tilskotsordninga er slått fast gjennom rundskriv T-1/13 *Tilskotsordningar for 2014*. Om søknader som fyller grunnvilkåra skal verte tildelt tilskot beror på ei heilskapleg vurdering med utgangspunkt i føremålet med ordninga. Det skal leggjast vekt på følgjande moment (i uprioritert rekkefølge):
  - a. Tiltak med særlege høge opplevingsverdiar og stort formidlingspotensiale.
  - b. Tiltak med stort lokalt engasjement.
  - c. Tiltak i kommunar der det ikkje tidlegare er skjøtta- og tilrettelagte arkeologiske kulturminne.
  - d. Tiltak med universell utforming.
  - e. Kulturminne som er prioriterte av kommunane.

#### 3. Avgjerdsmynde:

Kultur- og ressursutvalet avgjer kva søknader som skal prioriterast etter innstilling frå fylkesrådmannen.

#### 4. Søknadsfrist

Søknad sendast Hordaland fylkeskommune v/ Kultur- og idrettsavdelinga innan 1. desember.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Fylkesrådmannen, 23.09.2014




*Nausttuft frå jernalder i Kulturløypa Halsnøy Kloster. Før og etter skjøtsel. Tiltaket vart gjort i samarbeid mellom Sunnhordland Museum, Halsnøy Kloster, Venelaget Halsnøy Kloster, grunneigar og Hordaland fylkeskommune.*

### Om arkeologiske kulturminne i Hordaland

Arkeologiske kulturminne er kulturminne frå forhistorisk tid (før 1537), mellom anna gravrøyser, gravhaugar, bygdeborgar, steinalderlokalitetar, hustuffer, spor etter hus, og mykje meir. Alle slike kulturminne er freda med heimel i kulturminneloven.

Det er registrert over 4000 arkeologiske kulturminnelokalitetar i Hordaland. Dette talet er stadig i endring, ettersom lokalitetar vert fjerna gjennom utgraving, eller det vert registrert nye. Kvar lokalitet kan innehalda fleire enkeltminne, og talet på enkeltminne er over 6200. Kulturminna er spreidd over heile fylket, frå fjordkant til høg fjell, og det er kjent minst eitt arkeologisk kulturminne i alle kommunane i Hordaland.

### Kommunevis fordeling av arkeologiske lokaliteter sept. 2014





*Strandgravfelt med bautasteinar på Årbakka, Tysnes.*

Alle automatisk freda arkeologiske kulturminne har nasjonal verdi. Det lovfesta forvaltingsansvaret for desse kulturminna er lagt til fylkeskommunale og statlege styremakter, jf kulturminneloven.

### **BARK som verkemiddel for å nå måla i den norske kulturminnepolitikken fram mot 2020**

jf. Stortingsmelding nr 16 (2004-2005) Leve med kulturminner, er det strategiske målet for kulturminnepolitikken at *«mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø skal forvaltast og takast vare på som bruksressursar, og som grunnlag for kunnskap, opplevingar og verdiskaping. Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal bevarast i eit langsiktig perspektiv»*,.

Bevaringsprogrammet for utvalde arkeologiske kulturminne (BARK) er eit av 10 program som skal bidra til at ein når dei nasjonale måla for kulturminneforvaltninga. BARK skal sikre eit representativt utval av arkeologiske kulturminne og kulturmiljø gjennom langsiktig skjøtsel og gjere dei tilgjengeleg for publikum. Programmet har som målsetting at ein innan 2020 legg til rette kring 450 arkeologiske lokalitetar i landet. Dette svarar om lag til eitt arkeologisk kulturminne i kvar kommune. Bergkunst er også arkeologiske kulturminne, men desse kulturminna er svært sårbare og krev ei anna form for skjøtsel og vedlikehald. Det er eiga tilskotsordning for desse kulturminna (BERG), men denne er ikkje del av saka.

Det er stor variasjon mellom kommunane i Hordaland når det gjeld geografisk fordeling og tal på arkeologiske kulturminne. Det er òg stor variasjon når det gjeld nivået av tilrettelegging, frå enkle skilt til større kulturløyper. Generelt kan ein seie at der er mange slike kulturminne i Hordaland, men relativt få tilretteleggingsprosjekt.

### **Gjennomførte prosjekt**

I løpet av dei siste tiåra er det gjennomført over 40 tilretteleggingsprosjekt for arkeologiske kulturminne. Mange av dei eksisterande tilretteleggingane er gamle og skadde, og treng oppgradering. Det er utplassert meir enn 100 skilt, dei fleste med tema kulturminne frå ulike tider, men òg nokre om flora og fauna. Dei berekraftige prosjekta som er gjennomførte har ein felles nemnar: dei er gjort i partnerskap med anten kommunar, museum eller friviljuge



Eit godt døme er kulturløypa Halsnøy Kloster. Prosjektet var initiert av Sunnhordland museum og vart gjennomført i tett samarbeid mellom grunneigar, museet og fylkeskommunen. Andre lokale grupper var også involvert. Gravrøysa «Rimsvarde» i Fitjar kommune vart likeins skilta og rydda fram frå skogen etter at kommunen tok initiativ til og prioriterte eit prosjekt som vart gjennomført i samarbeid med fylkeskommunen. Det største gravfeltet på vestlandet, Hæreidsmoen, ligg i Eidfjord kommune. Her vert det no utarbeidd ein plan for å rydda vegetasjon og oppgradera tilrettelegginga i godt samarbeid mellom kommune, grunneigarane, lokale aktørar, fylkeskommune og Landbruksrådgivinga.

Alle prosjekt treng ikkje vera omfattande. I april 2014 gjorde elevar ved Kolbeinsvik barneskule i Austevoll skjøtsel på ei gravrøys frå bronsealderen.



*Elevar ved Kolbeinsvik skule i Austevoll gjer skjøtsel på gravrøys frå bronsealder.*

Det er samla sett stor interesse for denne typen tilrettelegging i Hordaland. Dei siste åra har difor fylkeskommunen årleg søkt om statlege midlar til skjøtsel av arkeologiske kulturminne. Grunna ressursituasjonen er ikkje alle prosjekta gjennomførte, dels på grunn av avgrensa kapasitet til oppfølging, og dels grunna vanskar med å stilla med 50% eigenkapital. Det eksisterer difor eit etterslep i høve slike tiltak.

### **Formidling og lokalt engasjement**

Kulturminne er ressursar i lokal samfunnsutvikling, men vert ofte sett på som utfordrande i høve til arealbruken i kommunen. Erfaring viser at tilrettelegging og formidling aukar interessa og kunnskapen om kulturminna i lokalsamfunna, og gjev betre forståing for korleis ein kan styra planlegging for å unngå konflikt mellom vern og utvikling. Det er eit mål å spora til auka interesse for denne delen av kulturminnevernet i alle kommunar og lokalsamfunn.

Erfaringa viser at lokal eigarskap gjev best effekt av tilretteleggingsprosjekta. Lokal innsats er difor avgjerande for gode formidlingsprosjekt. Godt samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane er også ein føresetnad for ivaretaking av kulturminna.

### **Utfordringar ved skjøtsel og formidling av arkeologiske kulturminne**

Lokalt initierte prosjekt kan vere sårbare. Det er døme på at ein mistar den oppfølginga på steden fordi initiativtakarane ikkje lenger har ressursar til å følgja opp, med halvferdige prosjekt, planar og skilt som resultat. Det er også døme på at ein nyttar ressursar på å fjerna vegetasjon frå kulturminne og skriva og produsera gode skilt, og få år etter er staden tilgrodd og skiltet fjerna eller øydelagt på grunn av manglande oppfølging.

For å unngå dette bør alltid slike prosjekt difor alltid involvere feire aktørar, ikkje minst kommunane. Føresetnaden for gode formidlingsprosjekt er lokal kompetanse og interesse. Kommunane har ei viktig rolle å spela i forvaltninga av kulturminne frå alle tidsperiodar. Lokal kompetanse, interesse og vilje til prioritering er tett knytt saman. Med kompetanse og interesse føler det som regel også større vilje til å prioritere skjøtsel og formidling.

Det er avgjerande med kapasitet til oppfølging av slikt tiltak i fylkeskommunen. Dersom kommunane eller lokale krefter tek kontakt med kulturminnestyresmaktene utan at det finst ressursar til å følgja opp er dette lite eigna til å motivera andre til å sjå fylkeskommunen som ein god samarbeidspartnar.

Økonomien er også avgjerande for å stø oppunder lokale og regionale initiativ. Dei fleste tilskotsordningar stiller krav til 50% eigenfinansiering. Manglande økonomisk finansiering kan føra til ei overvekt av mindre prosjekt med låg grad av tilrettelegging. Større prosjekt eller prosjekt retta mot universell utforming har høgare krav til økonomisk finansiering.

### **Ny strategi for skjøtsel og formidlingstiltak**

Hordaland fylkeskommune har sett som mål å auka merksemda på skjøtsel og tilrettelegging av arkeologiske kulturminne. Fylkeskommunen skal vere synleg som samarbeidsaktør på kulturminnefeltet, stø under interessa i lokalsamfunna og støtte planlegging og gjennomføring av gode formidlings- og tilretteleggingsprosjekt. Igangsetjing av tiltak og søknader om midlar skal som hovudregel løysast ut av lokalt initiativ. Slik kan ein sikre at fleire gode prosjekt vert gjennomførte.

Arkeologiske kulturminne kan vere sårbare og tilrettelegging og formidling må ikkje gå ut over verneomsynet. Som regional kulturminnestyresmakt spelar fylkeskommunen ei viktig rolle i slike saker og må stå fram som ein som ein samarbeidspartnarar det er lett og naturleg å venda seg til. På Kultur- og idrettsavdelinga er det ei stilling med hovudansvar for skjøtsel og tilrettelegging. Dette gjev kapasitet til fagleg oppfølging av nye initiativ og etablerte prosjekt i kommunane.

Fylkesrådmannen tilrår at eksisterande praksis for søknader til Bevaringsprogrammet for arkeologiske kulturminne (BARK) vert endra. Ordninga har årleg søknadsfrist medio januar, og kvar fylkeskommune skriv søknad om midlar til ulike prosjekt på BARK-lista i sine fylke. Nokre av desse prosjekta er lokalt initiert, og fylkeskommunen informerer då om tilskotsordninga. Likevel har få av kommunane vore kjende med ordninga

Gjennom førebuaende prosessar i kommunane vil det vere lettare å identifisera prosjekt med sterk lokale vilje til gjennomføring. Dermed vil ein lettare kunne stø opp under gode lokale initiativ samstundes som partane i større grad vil forplikta seg til vidare oppfølging. Ved prioritering av ordninga i kommunar og i fylkeskommunen vil ein ha større fridom til å velgje gode prosjekt, og ein vil i større grad ha moglegheit til å følgje opp målet om fleire universelt tilgjengelege arkeologiske kulturminne. Ein vil samstundes redusera talet på prosjekt som trass initiativ og sterk interesse ikkje let seg gjennomføra på grunn av manglande eigenkapital til søknad om midlar

For å gjera ordninga meir kjent vil informasjon og søknadsprosedyrer bli lagt ut på nettsidene til fylkeskommunen. Lokale aktørar kan dermed sjølv skriva søknad om midlar i samråd med

kommunane. Ut frå dei statlege reglane for ordninga er det fylkeskommunen, Sametinget og sjøfartsmusea som har høve til å søkja til Riksantikvaren. Lokale søknader må difor sendast via fylkeskommunen. Fylkesrådmannen rår til at innkomne søknader om BARK-midlar vert lagt fram til Kultur- og ressursutvalet som avgjer kva søknader som skal sendast vidare til Riksantikvaren. Fylkeskommunen vil framleis sjølv ha høve til å søkja om midlar.

Utan å estimera eit endeleg tal for Hordaland for slike prosjekt, vil ein arbeida etter målet om eitt mindre prosjekt i kvar kommune og eitt større prosjekt som er viktig for heile Hordaland



*Det er i dag mange av dei tilrettelagte arkeologiske kulturminna i fylket som gjev dårleg inntrykk. Fylkeskommunen har ikkje hatt kapasitet eller ressursar til å følgja opp alle dei eksisterande tilretteleggingane, og det er avgjerande at prosjekta er forankra i kommunen, eit lokalt museum, i ein organisasjon for å sikra god oppfølging over tid.*

### **Fylkeskommunal oppfølging av BARK**


21.11.2012 gjorde Fylkesutvalet samrøystes følgjande vedtak:

1. *Fylkesutvalet sluttar seg til prioriteringslista for framtidig satsing på formidling og skjøtsel.*
2. *Fylkesutvalet vil arbeide for å nå måla nedfelt i bevaringsprogrammet for arkeologiske kulturminne, i samarbeid med kommunane og musea.*

Ressurssituasjonen er ikkje teke opp i denne saka, men er noko som fylkesrådmannen vil koma attende til. Som ved dei fleste statlege tilskotsordningar er det eit krav om 50% eigenfinansiering. Delar av denne summen kan i nokre tilfelle dekkast av lokal dugnadsinnsats. For større prosjekt er ikkje dette mogleg, til dømes ved universelt utforma tilrettelegging. Med ny innretning av BARK-ordninga vil det styrke realiseringa monaleg dersom fylkeskommunen i større grad har høve til å stø gode prosjekt ved å bidra økonomisk til den påkravde eigenandelen på 50%.

Satsinga på BARK er del av fylkeskommunen sitt arbeid med å utvikle den lokale kulturminnekompetansen, jamfør prosjekt for kulturminneplanar i kommunane. Kulturminnevernet i fylkeskommunen har lenge hatt merksemd på det lovfesta forvaltningsansvaret i plansaker. Det er eit mål for fylkesrådmannen at fylkeskommunen i større grad skal ha ressursar til å koma kommunar og andre i møte i dei positive sakene, og at fylkeskommunen skal vera ein utviklingsaktør som kan bidra til å syna fram og aktivisera kulturminne i lokalsamfunna. Gjennom ei sterkare satsing på kommunar og lokale krefter, og ved ei oppmoding om auka tilrettelegging av dei automatisk freda kulturminna, vonar ein å oppnå eit sterkare lokalt engasjement og eigarskap til kulturminne frå alle tidsperiodar.





Gravrøysa «Rimsvarden» i Fitjar kommune før og etter skjøtsel.



### Framlegg til retningslinjer for søknad om BARK gjennom fylkeskommunen

#### Føremålet med ordninga:

Målet med ordninga er at eit representativt utval av arkeologiske kulturminne og kulturmiljø skal sikrast gjennom langsiktig skjøtsel og gjerast tilgjengelig for publikum innan 2020. Ordninga gjev midlar til skjøtsel, restaurering og formidling og tiltak som gir auka tilgjenge eller som medverkar til å avgrensa slitasjen på kulturminna. Tiltak der mellom anna lokalt engasjement og særlege opplevings- og formidlingsverdiar er knytte til kulturminna skal prioriterast.

#### 5. Kven kan søkje?

- Kommunar som har vedtatt eller har starta opp arbeid med ein kulturminneplan kan søkja.
- Museum eller andre lag eller organisasjonar i kommunar jf. punkt 1 kan søkja i samråd med kommunen.

#### 6. Kva kan ein søkja om?

- Det aktuelle tiltaket må vera på lista over utvalgte arkeologiske kulturminne i Hordaland. Ved ynskje om tiltak på kulturminne som ikkje er på lista må dette avklarast separat med Hordaland fylkeskommune i god tid før ordinær søknadsfrist.
- Grunnvilkåra for tilskotsordninga er slått fast gjennom rundskriv T-1/13 *Tilskotsordningar for 2014*. Om søknader som fyller grunnvilkåra skal verte tildelt tilskot beror på ei heilskapleg vurdering med utgangspunkt i føremålet med ordninga. Det skal leggjast vekt på følgjande moment (i uprioritert rekkefølge):

- a. Tiltak med særlege høge opplevingsverdiar og stort formidlingspotensiale.



- b. Tiltak med stort lokalt engasjement.
- c. Tiltak i kommunar der det ikkje tidlegare er skjøtta- og tilrettelagte arkeologiske kulturminne.
- d. Tiltak med universell utforming.
- e. Kulturminne som er prioriterte av kommunane.

**a. Avgjerdsmynde:**

Kultur- og ressursutvalet avgjer kva søknader som skal prioriterast etter instilling frå fylkesrådmannen.

**b. Søknadsfrist**

Søknad sendast Hordaland fylkeskommune v/ Kultur- og idrettsavdelinga innan 1. desember.